

Fiskets Gang

8 UKE 16
1983



Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

69. ÅRGANG

Nr. 8 - Uke 14 - 1983

Utgis hver 14. dag

ISSN 0015 - 3133

Ansv. redaktør:

Sigbjørn Lomelde
Kontorsjef

Redaksjon:

Vidar Høviskeland
Kari Østervold Toft
Per Inge Hjertaker

Ekspedisjon:

Dagmar Meling
Frøydis Madsen

Fiskets Gangs adresse:

Fiskeridirektoratet
Postboks 185, 5001 Bergen
Telf.: (05) 23 03 00

Trykt i offset

A.s John Grleg

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgiro-konto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassakontor.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 125.00 pr. år. Denne pris gjelder også for Danmark, Finland, Island og Sverige. Øvrige utland kr. 200.00 pr. år. Utland med fly kr. 250.00.

Fiskerifagstudenter kr. 60.00.

PRISTARIFF FOR ANNONSER:

Tekstsider:

1/1 kr. 1900 1/4 kr. 600
1/2 kr. 1100 1/6 kr. 450
1/3 kr. 750 1/8 kr. 350

Andre annonsealternativer
etter avtale

VED ETTERTRYKK FRA
FISKETS GANG
MÅ BLADET OPPGIS SOM KILDE
ISSN 0015-3133

INNHold — CONTENTS

Fiskeoppdrett i dag – og i framtida: Gjennombrøt i oppdrett av torskelarvar Fishbreeding today – and in the future. Summary of a conference	199
Filet av oppdrettstorsk godt mottatt i Sverige Fillet of bred cod well received in Sweden	205
Virker oljen på fiskelarvers levedyktighet – forskning kan gi svar Oil effects on the living ability of the fisk larva	209
Utprøving av begroingshindrende midler for nøter i 1982 Testing means of preventing growth of seaweed on seines	211
Etterretninger for sjøfarende Information about oil installations etc. in the North Sea	216
F.G. oversikt over fisket Norwegian fisheries this period.	218
Statistikker Statistics	220

Nye perspektiv for oppdrettsnæringa:

Gjennombrot i forsøk på oppdrett av torskelarvar

Forskar Bjørn Braaten, styrar ved Akvakulturstasjonen i Austevoll, kunne presentera gledelege nyhende for 120 personar frå oppdrettsnæringa som var samla i Bergen 19. april. Fiskernes Bank hadde då invitert til konferanse under tittelen: «Fiskeoppdrett i dag og i framtida». Braaten fortalde at dei under forsøk i år har hatt overleving på mellom 50 og 70% hjå torskelarvar, mot tidlegare mellom 2 og 5%. Han betegna dette som eit gjennombrot for forsøka på masseproduksjon av torskelarvar i avstengd sjøvasspoll. Larvane metamorfoserer i desse da-

gar, og tidlegare forsøk har vist at dødligheta etter dette stadiet er lita.

På konferansen slo elles Svein Munkejord, fiskeriministeren sin personlege sekretær, fast at det skal kome nye konsesjonar på fiskeoppdrett neste år, uansett. Medan adm.dir. Odd Steinsbø frå Fiskeoppdretternes Salgslag etterlyste fortgong i utbygging av veterinærtenesta. Og oppdrettarane var opptekne av å få til ein harmonisk vekst i næringa, det vil mellom anna sei ei vekst kontrollert av jamn tildeling av nye konsesjonar.

«Akvakultur vil skyte enorm fart i framtida»

spår forskarar ved Massachusetts Institute of Technology. Og utsegnen byggjer dei på tankar om at til dømes bioteknologi og akvakultur kan gro saman på ein svært dynamisk måte, mellom anna ved hjelp av mikroprosessorar.

Bjørn Braaten tok utgangspunkt i desse tankane då han i sitt innlegg tok for seg framtida i fiskeoppdrettsnæringa. Han streka under at *vi kan* når det gjeld laks og aure. Og vi kan nå mykje lengre om vi berre utnyttar dei ressursane vi har:

– reint, friskt vatn, – gunstig temperatur, – lang, skjerma kyst, – jamn tilgang på fórressursar frå havet.

Trass i dette, ligg vi langt etter både når det gjeld artsval, produksjon og forskningsinnsats.

Braaten streka under at kva retning næringa skal ta, er opp til styresmakterne og politikkarane å avgjere. Med skikkeleg offentleg støtte kan denne næringa, etter hans meining, bli ei ny sterk og viktig primærnæring i Kyst-Noreg. Og med dette meinar han stønad til forskning, undervisning og utviklingsprosjekt, garanti og stønad til nye idear i næringa og, ikkje minst, leggje lovar og konsesjonsreglar til rette slik at næringa vert sikra god og sunn vekst utan byråkratiske reglar som kveler initiativ og tiltakslyst.

Utfordringar

Næringa står framfor store utfordringar i framtida. Braaten trakk fram ei rekkje nye muligheter for næringa, mellom anna utnytting av varmt avløpsvatn, datateknologi, rasjonalisering av tungarbeidet og utprøving av nye råstoff til fórr i intensivt oppdrett.

Han drog og fram ny teknologi som avstenging av fjordar, utnytting av oljeplattformer, satelittovervaking av miljø og samarbeid med andre industrigreiner.

Om arbeidsdeling i næringa sa han: – Forskaren skal kome med idear, oppdrettaren skal prøve dei ut og det offentlege skal setje rammene.

Andre artar

Braaten var den av innleiarane som konsentrerte seg om å vurdere andre artar enn laks og aure i framtidas oppdrett. Han sette opp tre forutsetningar ei art må fylla for at den skal vere aktuell til oppdrett:

1. – må kunne leve, vekse, utvikle seg og trivast i vårt miljø
2. – må kunne forplante seg i fangenskap og heile livssyklusen (inklusive klekking, startfóring, kjønnsmodning og gyting) må kunne føregå i kultur.
3. – oppdrettet må vera lønsomt

Flatfiskar

peikar seg ut, dei held høg pris både innanlands og utanlands.

Raudspetta vert for dårleg betalt til at den er interessant, men kan kanskje på sikt verte interessant for utsetjing.

Piggvar og tunge krev varmt vatn (15–20°C), og er uaktuelle hjå oss om vi ikkje greier å løyse dette problemet. Prisen er imidlertid høg på baa feskeslaga, dessutan har ein no stort sett

Forskar Bjørn Braaten, styrar ved Akvakulturstasjonen i Austevoll, kunne presentera gledelege nyhende for 120 personar frå oppdrettsnæringa som var samla i Bergen 19. april.



– Dersom eit intensivt torskeoppdrett er komen for å bli, bør det etablerast egne produksjonsanlegg for setjefisk av torsk i tillegg til rusefangsten.

løyst problemet med startfóring av piggvaren teknologisk.

Kveite seglar opp som den nye oppdrettsfisken. Eit gjenombrot her heng imidlertid saman med h ll i oppbevaring av stamfisk, klekking og startfóring. Kveita veks raskt og trivs godt i v re kalde farvatn. Det har vore gjort klekkfors k heilt fr  1974, men f rst i 1980 vart to larvar f rde fram til metamorfose. Eit samarbeid mellom Norsk Hydro, Mowi og avdeling for akvakultur som er etablert i  r vil f re til auka forskningsinnsats p  dette fiskeslaget. Mowi held 13 stamfisk p  Ask y, medan dei praktiske fors ka f reg r p  Austevoll. Egg vart klekka etter 12 dagar ved 7 C og startf ringa byrja 40 dagar etter klekking. Larvane har til no levd p  naturlege dyreplankton, og forskarane vonar at flest mogeleg av dei 2.000 larvane som vert startf ra n r fram til metamorfose.

Torsken

Trass i at flatfisken er dyrast og mest anerkjent, er det torsken som vore tilgodesett med st rst innsats p  forskningssida her til lands.

– Greier vi torsken, kan vi greie nesten kva art det skulle vere, seier Braaten, og legg til at det er startf ring av larvane som er den mest kritiske og vanskelege fase. Til dette har ein fors kt b de kultivering av hjuldyr og kunstig f r. I Austevoll har dei i fleire  r arbeidd med to ulike teknikkar for masseproduksjon av larvar. Den eine f reg r i store presenningsposar, den andre ved   setje nyklekka larvar ut i ein avstengd sj vasspoll der friskt sj vatn vert tilf rt via ei kraftig, nedsenkbar sentrifugalpumpe.

Fram til i  r har overlevinga hj  larvane som er blitt sett ut i denne pollen lege mellom 2 og 5 %, men i  r har ein kome til eit gjenombrot med ei overlevingsgrad mellom 50 og 70 %. Problemet som no m  l ysast, er   finne fram til eit egna f r som kan distribuerast p  ein enkel m te i pollen slik at ein hindrar kannibalisme og svolted d n r alt naturleg plankton er beita ned.

Grunnen til suksessen i  r er truleg at dei har lukkast i   fjerne alle naturle-



ge fiendar og at egga som vart inkubert tidleg, var store. Dessutan har innpumping av n ringsrikt vatn fr  botnen s rgt for godt med naturleg plankton. Men Braaten  tvarar: – Sj lv om resultatet ser lovande ut i dag, skal fisken bringast trygt over sommaren. Vi g r ei spanande tid i m te.

M let med fors ka har f rst og fremst vore   produsere levedyktig yngel for utsetjing, for p  den m ten   styrke dei lokale torskestammene. Fors k har nemleg synt at fisken har halde seg i same omr de gjennom fleire m nader.

Det ser og ut til at torsk kjem til   segle opp som ei ny art i intensivt oppdrett. Pr. januar 1983 er det komen inn 115 s knader om konsesjon for oppdrett av torsk. Ingen konsesjonar er

enno gjevne, men mange anlegg har teke til med pr vedrift.

– Dersom eit intensivt torskeoppdrett er komen for   bli, bør det etablerast egne produksjonsanlegg for setjefisk av torsk i tillegg til rusefangsten, meinte Braaten. Han kunne vidare fortelja at dei i Austevoll veit det er mogeleg   produsere torsk p  ca. 2 kg p  22 mnd. fr  klekking. Her har det vore brukt vill stamfisk som vart halden i kultur fram til naturleg gyting. Ogs  i M l y og R rvik kan dei vise til h gt vekstpotensiale. Dei fleste torskeoppdrettarar startar med fisk p  omlag 0,5 kg. som vert fanga v r eller haust og seld vidare for jul same eller f lgjande  r.

Ogs  n r det gjeld f ring skil torsken seg fr  laksen. Det er vanleg   fore

torsk over 300 g. annan kvar dag, og særleg større torsk synest å ha betre vekst og fórutnytting ved lengre intervall mellom måltida. Torsken ser og ut til å nytte fóret godt, og i kontrollerte forsøk vert det rekna med eit fórforbruk på 2 til 2,7 kg. lodde for kvart kg. tilvekst.

Av andre problem med torsken, må nemnast kannibalisme som er eit utprega fenomen på yngel og 0-gruppe stadiet. Dessutan har ein hatt problem med plutselege utbrot av vibriose i sommartida. Vanleg antibiotika som

vert nytta på laksefisk ser ikkje ut til å vere effektiv på torsk.

Utviklinga i torskoppdrettet er nært knytta til salsprisen på produktet.

Skjell

Her i Noreg avgrensar kultiveringa av skjell seg til blåskjell og østers.

Blåskjell dyrkar vi i dag omlag 200 tonn av årleg, men produksjonen er aukande og det er delt ut 300 konseksjonar.

Interessa for østers har vore sterkt

aukande dei siste tre-fire åra, noko som har ført til mangel på yngel. I dag er åtte yngelpollar i drift, men fleire kan bli starta opp. Vi produserer omlag 6 tonn, eller 100.000 østers i året.

Hummer

Ingen har enno greidd å produsere hummer lønsamt. Forskninga og utviklinga her til lands føregår for det meste på Kyrksæterøra. Her har dei no 30.000 hummer klar til utsetting og produksjonskapasitet på 100.000.

Spådomane har gått i oppfyljing

Forsknings sjef Dag Møller ved Havforskningsinstituttet si avdeling for Akvakultur sa under konferansen at dei spådomane som vart gjevne om næringa, stort sett er oppfylde. Lakseproduksjonen er høgare enn venta, aureproduksjonen noko mindre.

Optimist

Møller er framleis optimist på næringa sine vegne, og trur produksjonen både av laks og aure vil auke i overskueleg framtid.

På lengre sikt er han derimot ikkje så sikker. Her er det, etter hans mening, ein del skyer på ein elles blå himmel:

- overproduksjon
- dårleg kvalitet
- høge prisar

Forsknings sjef Dag Møller ved Havforskningsinstituttet er framleis optimist på næringa sine vegne.



er alle ting som kan føre til samanbrot på marknaden.

Kontroll av produksjonen kan vi få ved å lage planar for dei magre åra. Dessutan kan staten styre det ved ei jamn tilførsle av konsesjonar og oppbygging av lån og garantiar – mellom anna gjennom DU.

Kvalitet

Kvaliteten er produsenten si oppgåve. Det er viktig å slite for å halde på det forspranget vi har tilkjempa oss. Vi må og prøve å få til ei kontrollordning for norsk fisk som vert vidareforedla i utlandet. Og med kvalitet meiner Møller eit reint naturprodukt som tilfredsstillar dei aller strengaste krav til hygiene, fett, farge og andre krav frå marknaden.

– Men, seier Møller, eg saknar produktutvikling!

Møller har heller ikkje noko mot høge prisar på produkta, men han er ikkje tilhengar av brot på langsiktige kontraktar til fordel for kortsiktig vinning. Han trur og det må vere mogeleg å senke produksjonsprisen dersom ein kan rasjonalisere drifta og senke prisane på smolt og fór. – Tar vi oss sjølv i nakken, er det neppe avgrensingar i fórtilgangen, meiner han.

Intensivere sjukdomsforskinga

Dødelighet og svinn aukar raskare enn produksjonen. Difor er det viktig å

intensivere sjukdomsforskinga og få fram ein «slagkraftig armé» av forskarar. Han er uroleg for det høge forbruket av antibiotika i oppdrettet og meiner bruken av medisinar bør avgrensast til fordel for vaksinar.

– Veterinæravdelinga burde etter mitt skjønn setje ned eit utval for å fremje forskrifter, primært for fiskeoppdrett. Fiskeoppdrett er, når alt kjem til alt, ikkje nokon kopi av husdyrbruk på land.

Forureininga

Forureining er noko som valdar problem for mange anlegg, og Møller meiner at krava til lokalitetar bør skjerpast. – 30 m djupn under nøtene bør vere eit minstekrav. Dessutan bør straumen vere så kraftig at fórrestar og ekskrementar vert førde bort frå anlegget, seier han.

Når det gjeld dei personane som driv anlegga, kan belastningsskader kome sterkt inn i biletet om ei tid. Det bør arbeidast for å få til ein meir human arbeidsplass utan tunge løft. Teknisk heving av drifta i tillegg til betring av sikkerheta bør viast stor merksemd.

Møller er og ein av dei som meiner utdanninga i næringa er for dårleg, og han gjorde seg til talsmann for styrking av vegleing og undervisning. Dessutan gjorde han det klart at han synest at styresmaktene burde engasjere seg sterkare, ikkje minst fordi framtida til ei rekkje kystkommuner er svært nært knytt til denne næringa.

Kvalitet – kontinuitet – stabilitet

–Sjølvs med forsiktige prognosar, ser det ut til at vi i 1983 kjem til å få ein lakseproduksjon på 15.000 tonn. Truleg kjem kvantumet til å liggje enno høgare, sa adm.dir. Odd Steinsbø i Fiskeoppdretternes Salgslag på oppdrettskonferansen. Forklaringa på den gode veksten er ein mild vinter og lite av den sokalla «Hitra-sykja» som har plaga næringa dei siste åra.

Laks

Marknadssituasjonen var tema for Steinsbø sitt innlegg. Han tok utgangspunkt i tilhøvet til villaks frå Stillehavsområdet, og kunne slå fast at denne laksen held dårlegare kvalitet enn vår oppdrettslaks. Dessutan var utviklinga i dette fisket «gunstig» for norsk oppdrettsfisk i 1982. Det vart fiska mindre av den enn prognosane gav uttrykk for. I tillegg gjekk dollarkursen opp, noko som førte til høgare prisar på den europeiske marknaden.

Eit anna pre for norsk oppdrettsfisk har vore at utviklinga i land som kunne vore konkurrentar, har gått seinare enn venta. Sjølvs om både Skottland og Irland er i full gong med produksjon av oppdrettsfisk, har dei langt att før dei når norsk kvalitet. Også på Island er dei i gong med forsøk, først og fremst med havbeiting på laks. USA er óg i gong med å etablere ei oppdrettsnæring. Også her gjeld det laks.

Aure

Når det gjeld aure, er danskane kommen svært langt når det gjeld oppdrett av stor fisk i havet. Også



Sjølvs med forsiktige prognosar, ser det ut til at vi i 1983 kjem til å få ein lakseproduksjon på 15.000 tonn, sa adm. dir. Odd Steinsbø på konferansen.

Finland har gjort vellukka forsøk på dette. Færøyane er imidlertid den sterkaste konkurrenten til oppdretta aure frå Noreg.

Færøynæringane har lært å drette opp aure av nordmenn og dei har overteke ein del av marknaden som norske oppdrettarar hadde tidlegare. Dette er likevel ikkje grunnen til at Steinsbø ikkje er nøgd med denne konkurransen. Det som skjer er at den

færøyske auren kan eksporterast tollfritt til Noreg, medan norsk aure som eventuelt skal eksporterast til Færøyane er pålagt 12 % toll.

Rekordomsetjing i -83

Omsetninga i oppdrettsnæringa ser ut til å komme opp i 600 mill. kr. –83, og då er det ikkje teke for hardt i. Truleg vil det bli høgare.

Omsetjingsforma i oppdrettsnæringa skil seg frå resten av norsk fiskerinæring i oppbygging. Omlag 60 kjøparar har løyve til å omsetje oppdrettsfisk. Løyndomen bak suksessen som næringa har hatt, er, etter Steinsbø si meining, eit omfattande samarbeid mellom kjøparane og salslaget. – Vi jobbar saman for å marknadsføre fisk, ikkje for å slåss, sa han.

Image er viktig

Det er svært viktig å skape den rette imagen for norsk oppdrettsfisk på marknaden. Steinsbø kunne fortelje at salslaget har brukt 40 % av inntektene sine til marknadsføring. Det vil sei at dei har brukt den ½ % som vart vedteken i Bergen for nokre år siden og i tillegg ein del andre inntekter.

Kvalitet, kontinuitet og stabilitet, er nøkkelorda for ei gunstig utvikling i norsk fiskeoppdrett. Frå oktober til april er norsk oppdrettsfisk mest åleine på marknaden.

– Vi må ikkje misse eksklusiviteten. Difor er det viktig at vi auker i eit fornuftig tempo, meinte Steinsbø.

– Nye anlegg skal komme i drift til neste år

Dette slo personlig sekretær Svein Munkejord fast i sitt innlegg på konferansen. Han understreka at dette vil skje under eitkvart omstende, anten reglane når tildelinga skjer er sånn eller slik.

Styresmaktane sitt syn

Munkejord gjorde greie for styresmaktene sitt syn på næringa i sitt innlegg, eit syn som etterkvart vel er kjent for dei fleste.

Han slo fast at ein ønskjer å halde fast ved den geografiske strukturen næringa har i dag. – Tendensen har danna seg ut frå fritt høve til lokalisering og vi har fått eit utprega desentralisert og utkantorientert etableringsmønster, slo han fast.

Heller ikkje eigarstrukturen skal rokast ved. Det er truleg brei politisk semje om at den driftsansvarlege skal ha minst 51% av eigarinteressene i anlegget. Dessutan vil det truleg verta høve til å ha minoritetsinteresser i

andre anlegg. Kor grensa skal gå i tal her, er enno ikkje fastlagt. Hovudregelen vil imidlertid truleg bli at dei driftsansvarlege skal ha styringsretten over anlegget.

Setjefiskproblemet

Munkejord slo vidare fast at den mangelen på setjefisk vi framleis slit med, er ein uheldig måte å avgrense matfiskproduksjonen på. Dessutan fører truleg mangelen til at prisen på

Fiskeriministeren sin personlige sekretær, Svein Munkejord, slo på konferansen fast at det skal kome nye konsesjonar på fiskeoppdrett neste år, uansett.

setjefisk vert pressa oppover og at kvaliteten vert forringa. – Prinsipielt er det marknadstilhøva for matfisk som bør regulere produksjonsplanlegginga, meinte Munkejord.

Idag har vi 140 anlegg med konsesjon for produksjon av omlag 24 mill. sjødyktig setjefisk av laks og regnbogeaure. Utnyttinga av konsesjonane ligg på omlag 50 %, og det er grunn til å tru at graden ikkje kjem til å overstige 60 %. Pr. 11. mars ligg det inne 140 søknadar om nyetableringar tilsvarande eit kvantum på 21 mill. sjødyktig setjefisk.

Departementet meiner at alle setjefiskanlegg automatisk bør få konsesjon på stamfiskoppdrett med inntil 600 m³. Dei meiner det er ein føresetnad for tilfredsstillande tilgong på setjefisk med god kvalitet.

Næringspolitisk ramme

Svein Munkejord tok vidare til orde for å kome fram til ei næringspolitisk ramme om næringa slik at vi kan utnytta dei fordelane vi har fått frå naturen si side. Han drog fram fleire problemstillingar som det vil vere aktuelt å konsentrere seg om framover.

– På kort sikt er det likevel kampen mot fiskesjukdomane som er det viktigaste, slo han fast. Samstundes tok han til orde for auka innsats på forskningssida, betre utbygging av veterinærtenesta og større kapasitet på laboratoria.

Betra opplæring

– Eg er samd i at opplæringstilbodet til oppdrettarane ikkje er godt nok, sa han og lova at det skal bli teke kontakt med oppdrettarforeninga før dei endelege krava til kvalifikasjonar hjå oppdrettarar vert fastlagde.

Konsesjonsstorleiken har vore tema for ei rekkje diskusjonar i denne nærin-



ga dei siste åra. So og denne gongen. Departementet kjem truleg til å gå inn for at den vert sett til 8.000 m³. Dei har no og opna for at alle anlegg automatisk skal få auka kapasiteten til 3.000 m³, men har ikkje teke stilling til ei utviding utover dette.

Om liberalisering

Næringa sitt syn på ei liberalisering av konsesjonslova vart og kommentert av Munkejord. Han hadde merka seg at argumentasjonen mot ei liberaliser-

ing har endra seg. I starten var det redselen for overproduksjon som var hovudargumentet. I dag går dei meir i retning av frykt for sjukdomar, manglande veterinærteneste og annan offentleg service. Munkejord meinte dette er ting som kan gjerast noko med og at slike ting ikkje bør hindre ei liberalisering. Derimot bør næringa regulere seg sjølv utifrå tilhøva på marknaden.

Han avslutta med å slå fast at departementet, i tilknytning til revisjonen av oppdrettslova, vurderer å gjere unntak frå loven for alle andre artar enn laks og aure.

Fiskeoppdrett '83

er omfattet med stor interesse, forteller Odd Berg i Fiskeoppdretternes Salgslag til Fiskets Gang.

Pr. 18. april var det påmeldt 90 utstillere fordelt på 100 stands. Det betyr at det bare er noen ganske få stands igjen til eventuelle etternølere.

I alt vil utstillingen i forbindelse med Fiskeoppdrett '83 legge beslag på 3.000 m² inne og ca. 2.000 m² ute. I tillegg skal det benyttes en tennishall i nærheten til avvikling av konferansene som skal holdes i tilknytning til messa.

Arrangøren regner med at 500 personer kommer til å delta på hver av de to konferansedagene. Hvilke tema som skal tas opp til drøfting er ennå ikke helt fastlagt, men det kommer trolig til å dreie seg om behandling, transport og markedsføring av oppdrettsfisk den ene dagen. Andre dagen vil trolig smoltproduksjonen stå i fokus, blant annet vil kvalitetskriteriene bli drøftet.

Odd Berg opplyser videre at arrangøren har reservert ca. 800 senger i Trondheim i tiden 22. til 25. august når messa går av stabelen. – Og vi regner ikke med at dette er for mye, sier han.

Oppdrettsnæringa er i støtet for tida. Utstillinga i Trondheim vil sikkert bidra til ytterligere interesse.

Færøysk eksport øker i verdi

Eksporten fra Færøyane økte med 1,5 % i januar i år sammenlignet med samme måned i fjor. I alt ble det i årets første måned eksportert for 54,8 mill. kr. I februar var økningen på 7,5 %, slik at det totalt til nå i år er en økning på 5 %. I alt er det eksportert for 134,6 mill. kr. fra Færøyane de to første måneder i 1983.

Norge mottok hele eksporten på 88.000 kg. isa brosmes. Verdien på denne eksporten var på 501.000 kr. Det ble eksportert i alt 90,5 tonn frossen pigghå til en verdi av 950.573 kr. Vest-Tyskland mottok største delen av kvantumet.

Frosne torskfileter utgjør som alltid en stor del av eksporten. I januar ble



FISKE OPPDRETT '83

Utstilling og konferanse - Trondheim - Nidarøhallen 22. - 25. august 1983

Arrangører: NORSKE FISKEOPPDRETTETTERES FORENING - FISKEOPPDRETTETTERNES SALGSLAG A/L

det eksportert 281 tonn, i februar 297 tonn. Verdien kom opp i vel 14 mill. kr. Frossen slo og frosne hysefileter ligger høgt på statistikken. I januar ble det eksportert 1.014 tonn frosne hysefiletar, i februar 803 tonn. Verdien kom i januar opp i 11,1 mill. kr., i februar 8,5 mill. kr.

Frossen slo ble eksportert i et kvantum på 1.282 tonn til en verdi av 956.214 kr. I februar var kvantumet 4.681 tonn og verdien 3,1 mill. kr.

Salta torsk topper statistikken. I januar var eksportkvantumet 741 tonn og verdien 13.169 mill. kr. Februar har større tall. 1.201 tonn og verdi på 20.249 mill. kr.

Vest-Tyskland, Danmark og Storbritannia er de største importørene av fiskevarer fra Færøyane i denne perioden.

DUF-midler

Nordland

A/S Nordtang, Rinøyvåg, er bevilget 110.000,- kroner i tilskott til markedsføring av nye produkter i Sverige, Danmark og Vest-Tyskland. Tilskottet er gitt til delvis dekning av driftseksterne kostnader.

A/S Nordtang har produsert tangmel siden 1970. Bedriften skal nå markedsføre sitt nye produkt helsekosttangmel i Sverige, Danmark og Vest-Tyskland.

Pilotprosjekt i Rørvik:


Vakuumpakket filet av oppdrettstorsk godt mottatt i Sverige

Tekst og foto: Frank Olsvik

For noen år siden fikk Rørvik Fiskeindustri A/S inn en del småfallen rusetorsk. Denne ble satt i nøter ved Nærøya, der selskapet har oppdrettslaksen og ørreten. Før jul 1980 ble torsken, som da hadde vokset seg seg stor og fin, tatt opp av nøtene og slaktet. Oppdrettstorsk var noe nytt, og fisken ble prøvesmakt i Steinkjer, Trondheim og Oslo.

Den gang var det enighet om at oppdrettstorsken var spesiell. Men den var i feiteste laget og minnet på mange måter om kveite. Dette hadde i første rekke sammenheng med at det fóret som ble benyttet til oppdrettstorsken, var det samme som man brukte til laks og ørret.

Senere justerte Rørvik Fiskeindustri fóringen av oppdrettstorsken. Selskapet kom med i ett av tre pilotprosjekt som skulle gi bedriften muligheter til å utnytte det «nye» råstoffet. I samarbeid med Fiskerisjefen i Trøndelag ble det lagt en plan for lansering av vakuumpakket filet av torsk, og som skulle presenteres i Sverige.



vakuumpakket kylling, hadde bl.a. vist at varer med «dårlig» pakning bare solgte halvparten av tilsvarende produkt i delikate innpakninger og med utsøkt design.

Torsk i nøter er blitt vanlig ved Rørvik Fiskeindustri A/S. Vakuumpakket filet av oppdrettstorsken har vært prøvesolgt med hell i Sverige siste vinter.

Trang økonomi

Helt fra starten var det klart at prosjektet, som på mange måter var en nyskaping innen norsk fiskeforedling, ville få trange økonomiske kår. Statsstøtten til prosjektet ble på ca. halvparten av det man hadde forutsatt, og på et møte i Rørvik i fjor høst ble det bl.a. uttalt at den økonomiske rammen for pilotprosjektet var så liten at man var i tvil om man i det bhele tatt ville komme i gang.

Planen var å knytte til seg svenske markedsføringsekspert som skulle lansere fileten av oppdrettstorsken i Sverige. Det ble også tatt kontakt med et par laboratorier, for å foreta utprøving med vakuumpakkingen for å oppnå lengst mulig holdbarhet. Man hadde også innsett at dersom man skulle nå frem til de svenske husmødre, måtte den norske torskfileten ligge i smakfulle pakninger i kjølediskene i supermarkedene. Erfaringer fra Sverige med

Holdbarheten avgjørende

Men selv med delikate innpakninger, så var det holdbarheten som ville være avgjørende for hvorvidt prosjektet skulle lykkes eller ikke. Ved prøving oppnådde man en holdbarhet på fem- til seks dager ved kjøling, en representant for Fiskerisjefen i Trøndelag, som prøvesmakte fileten etter at den hadde ligget seks dager i butikk i Østersund, berettet at fisken fortsatt var av første-klasses kvalitet.


Prosjektet skulle etter planen inndeles i tre faser. Fase 1 var det forberedende arbeid, fase 2 betinget prøvesalg i noen butikker i Østersund. Etter at man hadde kommet frem til en tilfredsstillende kvalitet på torsk, ved en magrere foring, bl.a. bruk av seiavfall i stedet for loddefor, og holdbarheten var tilstrekkelig, samtidig som man hadde funnet frem til delikat innpakning av fileten, ble i fjor høst produktet fra Rørvik lagt ut for salg i noen få butikker i Østersund.

Godt mottatt

Samtidig ble det også benyttet sei og ørret som ble vakuumpakket og lagt ut for salg. Fase to var forutsatt avsluttet før jul i fjor, man av forskjellige grunner ble denne delen av prosjektet utvidet, slik at man foretok den endelige oppsummeringen i slutten av januar i år. Rapporten om fase 2 er ennå ikke utarbeidet, men det er grunn til å fastslå at vår vakuumpakkede filet har blitt godt mottatt av kundene på svensk side, sier disponent Helge Johnsen ved Rørvik Fiskeindustri til Fiskets Gang.

– Holdbarheten er nå også 9–10 dager, slik at muligheten til å utnytte produktet er tilstede i betydelig større grad enn tidligere. Rapporten om fase 2 vil bli forelagt myndighetene nå i vår, og det vil da bli tatt stilling til den videre utvikling av prosjektet, sier Johnsen.

Det har hele tiden vært forutsetningen at en fremtidig satsing på vakuump-



Rørvik Fiskeindustri A/S kan feire tiårsjubileum i år. Selskapet startet da det tidligere anlegget, A/L Rørvik Fryseri og Kjøleanlegg gikk konkurs i 1972. I alt har selskapet investert 7.5 mill. kr. i nybygg og modernisering av hovedanlegget i Rørvik. Selskapet eier og driver også det tradisjonsrike fiskeværet Nordøyen.

pakket filet av bl.a. oppdrettstorsk skal være en lønnsom produksjon og som ikke skal ha noen form for statstilskudd. Det er imidlertid helt på det rene at i innkjøringsfasene, det er tre av dem som er listet opp, vil prosjektet trenge støtte. Prisen kan bl.a. bli avgjørende. Omregnet i kilopris har torskefileten fra Rørvik Fiskeindustri kostet kr. 45 i utsalg i Østersundsbutikkene. Men de kvanta som har vært produsert og eksportert, har vært allfor små til at man har kunnet vurdere hva en lønnsom pris vil innebære.

Både Sverige og Norge

Fase 3 i Rørvik-prosjektet innebærer etter de opprinnelige planene at man skal kjøre ut fileten i hundre butikker i Sverige, femti i Østersund og like mange i Sundsvall. Man har også siktet seg inn på det betydelige markedet Stor-Stockholm, og der det kan bli tale om et par tusen butikker som kan være aktuelle salgsmidlere av fileten fra Rørvik.

Det synes imidlertid som om man også må inn på det norske marked for å få full utnyttelse av produktet. En av årsakene til at man i Rørvik tok fatt på vakuumpakket filet med oppdrettstorsk som råstoff, var at de gamle fiskebutikkene er på veg ut, ikke bare her i landet, men også i utlandet. Den moderne husmor venter å finne fersk fisk i kjøledisken i sitt supermarked. Og det er denne antagelse som er hovedideen bak forsøket med bl.a. oppdrettstorsk og vakuumpakket filet.

Det har vært stillet store forventninger til det som foregår på foredlingssektoren. Det er imidlertid ennå for tidlig å si noe om hvor store mulighetene er for den vakuumpakkede fileten. Det man kan si er at det er et pionerprosjekt som utføres i Rørvik, og som kan få stor betydning for fremtidig fiskeforedling.

Fremtidsrettet bedrift

Rørvik Fiskeindustri, som i år kan feire tiårsjubileum, etter at selskapet startet med bakgrunn i konkursboet etter det tidligere selskapet, Rørvik Fryseri og Kjøleanlegg i 1973.

Helt fra starten tok det nye selskapet til med oppdrett av laks og ørret, og Rørvik Fiskeindustri er en av pionerene i Namdalen på dette området. Bedriften leverer også fôr til de andre oppdrettsanleggene i distriktet og foretar også slaktning og pakking av laks og ørret for andre oppdrettere.

I de ti årene som er gått er oppdrettsvirksomheten blitt et svært så viktig foretagende, og en produksjon som gjør det mulig å opprettholde de tradisjonelle produksjoner som tørrfisk og saltfisk. I Ytre Namdal er fortsatt vinterfisket den viktigste sesongen for fiskerne, men dårlig kvalitet på garnfisker, som ofte er overstått på grunn av dårlig

– Vår vakuumpakkede filet er blitt godt mottatt i Sverige, sier disponent Helge Johnsen ved Rørvikbedriften.

vær, har skapt problemer for bedriften som eier det tradisjonsrike fiskeværet Nordøyen, et fiskevær som var i drift også i sagatiden.

Ved siden av oppdrettsnæringen har Rørvik Fiskeindustri satset på filetproduksjon, i første rekke med basis i levendesei. I de ti årene som er gått siden starten har selskapet bygget ut anlegget i Rørvik for 7.5 mill. kroner som omfatter både nybygg og modernisering. Bl.a. har man nå fått et rasjonelt og moderne opplegg for filetproduksjonen.

Forventninger til kvitlaks

Et av de nye råstoffer som selskapet i Rørvik har stillet store forventninger til, er kvitlaks, eller stavsild som den også kalles. For et par år siden monterte bedriften utstyr for produksjon av farse av kvitlaks. Det har vist seg at det er stor etterspørsel etter kvitlaksfarse, spesielt fordi den har særdeles god



bindeevne og kan brukes til mange formål.

Det er også oppdaget betydelige mengder kvitlaks utenfor kysten av Midt-Norge. Dersom man ikke hadde fått streiken innen bransjen i fjor vår, ville selskapet i Rørvik i 1982 passert tusen tonn kvitlaksfars, et stort kvantum når man tar i betraktning at både utnyttelsen av dette nye råstoffet, og produksjonen, er av nokså ny dato.

En av fordelene med kvitlaksfarseproduksjonen, er at fisket etter kvitlaks tar til når vinterfisket er over, i midten

av april. Da fisket tok til i april i år, var opptakten svært lovende. Det er nå to båter som leverer fast til bedriften, og de to trålerne har kvitlaksfisket som en av de viktigste sesongene.

Rørvik Fiskeindustri har også tatt opp forsøk med bl.a. produksjon av pigghå, en fisk som på Trøndelagskysten har vært sett på som ufisk. Og også på andre områder har Rørvik Fiskeindustri vist vilje til å gå nye veier, som kan trygge fiske og sysselsetting i et ellers nokså utsatt utkantstrøk.

Island vurderer fiskerinæringa

Det islandske Alltinget har bestemt seg for å sette ned en komité som i samarbeid med fiskere, fiskebåtreidere og folk fra fiskeforedlingssida skal utarbeide forslag til styring av fiskeriet ved fangstløyver, slik at utnyttelsen av islandske fiskefelter kan bli best mulig og slik at de mest fordelaktige rederistedene kan komme til sin rett.

Forslag til opprettelse av et slikt styre kom fra seks representanter for det sosialdemokratiske parti. Mellom disse er tidligere fiskeriminister Kjartan Jóhannsson.

Ingen endring i helgefredningen

Det er foreløpig ikke aktuelt å endre reguleringen med helgefredning i fisket etter torsk nord for 62° N. Fra og med fredag kl. 24.00 til søndag kl. 24.00 i tiden fra 15. april til og med 31. desember i år vil det følgelig ikke være adgang til å fiske etter torsk med andre redskaper enn trål eller ha redskap i sjøen for fiske etter torsk. Forbudet gjelder også fra kl. 00.00 til kl. 24.00 torsdag 12. mai, tirsdag 17. mai og mandag 23. mai. Fiskeridepartementet vil følge utviklingen i fisket og eventuelt gjøre endringer i reguleringen senere.

Fiskeridepartementet er gjort kjent med at enkelte fiskere fant feltene overtatt av trålere etter at fiskestoppen ble opphevet etter påske. Trålerne forlot imidlertid disse områdene. Man har fryktet at helgefredningen vil føre til at trålerne overtar felt hvor det tradisjonelt har foregått fiske med passive redskaper (garn, line, håndsnøre og snurrevad). Fiskeridepartementet tror imidlertid at trålerne vil respektere feltene som kystfiskerne vanligvis benytter. Skulle det likevel vise seg at kystfiskerne ikke får beholde sine felter, vil departementet vurdere å sette inn nødvendige tiltak.

Samvirke i u-land

Samvirke i u-land er temaet for en ny lysbildeserie som er laget av Selskapet for Norges Vel, i samarbeid med samvirkeorganisasjonene.

I et 25 minutters program med lyd og bilder fortelles det om samvirke i et distrikt i Kenya, om samvirkebevegelsen i Øst-Afrika, om nordisk støtte til en rekke samvirketiltak, og om mer generelle u-landsproblemer. Serien er laget med tanke på tillitsvalgte og medlemmer i samvirkeorganisasjonene. Men den kan også benyttes av andre, som vil formidle stoff om samvirke i internasjonal sammenheng. Opplysninger og forespørsler om lån av serien kan rettes til NKL, NBBL, Landbrukssamvirkets Felleskontor, Norges Fiskarlag eller Selskapet for Norges Vel.


Ny dansk båttype

Et mindre verft på Nordsjælland har nå startet produksjon av en ny type fiskefartøy. Prototypen skal være ferdig til demonstrasjon under World Fishing Exhibition '83 i juni, og har en rekke forbedringer i arbeidsmiljøet ombord, energiøkonomisk skrogfasong og fremdriftsanlegg samt forenklet produksjonsprosess.

Produsenten Lyngaa Maskinverksted ved Helsingør har alliert seg med en lystfartøysdesigner ved utarbeiding av den 15 meter lange og 20 BRT store prototypen.

Det er prosjektert to basistyper, en trålerversjon med styrhuset fremme samt en garnbåt med styrhus bak. Fartøyet har stort arbeidsdekk som kan overbygges i ønsket omfang.

Prosjektet er støttet av den danske Teknologistyrelsen og venter å resultere i en rekke nye arbeidsplasser og eksport.



Den nye danske fiskebåten har energiøkonomisk skrogfasong som er utarbeidet etter lystbåtprinsippet.

Stor interesse for World Fishing '83

Arrangørene kan allerede nå melde om at det blir rekorddeltakelse under årets World Fishing '83. To måneder før det braker løs i Bella Senteret i København har det meldt seg mer enn 300 utstillere fra 23 land. På utstillingen i 1980 var det totalt 290 stands.

Det er påmeldt utstillere fra tre kontinenter, og arrangørene melder om større nasjonale stands fra Nederland,

England og Canada i tillegg til de nordiske land.

I 1980 var det over 10.000 besøkende under World Fishing, og man venter også at denne rekorden skal ryke mellom 18. og 22. juni.

Mindre totalfangst i Sverige i -82

Svenskene fiska mindre i 1982 enn året før. Reduksjonen i kvantum var på

1,8 mill. kg. Totalt kom kvantumet opp i 241,5 mill. kg.

Som vanlig ble store deler av totalfangsten landet i Danmark. Dette gjelder først og fremst sild, og grunnen til at Danmark blir foretrukket som landingssted er at det ligger nærmere de viktigste markedene, Tyskland og Frankrike.

Til tross for en forholdsvis stor sildeeksport, importerer svenskene fisk for mange millioner mer enn de eksporterer for.

De viktigste fiskeslagene i kvantum og verdi:

sild 130 mill. kg. – 230 mill. kr.
torsk 42,5 mill. kg. – 140 mill. kr.

Størstedelen av fisken ble landet på vestkysten. I alt kom kvantumet her opp i 107,2 mill. kg. Verdien av landingene var 243,3 mill. kr. I tillegg kommer landingene i danske havner, disse tilhører nesten uten unntak båter fra vestkysten. I kvantum kom disse landingene opp i 36,5 mill. kg til en verdi av 57 mill. kr.

